

## AVTALE OM SLØKKING AV BRANN

### 1. Avtalepartar

Avtalen er inngått mellom Sula kommune og Ålesund kommune i samsvar med § 12 i Lov om brannvern.

### 2. Avtaleområde

Avtalen omfattar den plikta kommunen har til å opprette innsatsstyrke for sløkking av brann, jmfør § 8b i Lov om brannvern.

### 3. Område

Sløkkeberedskapen for indre del av Sula kommune blir dekt frå Ålesund i samsvar med reglane i brannlova og etter denne avtalen.

Avtalen omfattar:

- a. All busetnad, industri og anlegg på sørsida av Sula og på nordsida frå kommunegrensa i aust til Røbekk ved Mauseidvåg slik det er vist på den vedlagde kartskissa.
- b. Avtalen omfattar ikkje lyng-, gras- eller skogbrannar utanfor tettbygdt område.

### 4. Beredskapsopplegg

- a. Ålesund kommune pliktar å halde ein tilsvarande utrykkingsberedskap for indre del av Sula kommune som for Ålesund kommune.
- b. Ved melding om brann frå det området som avtalen dekkjer, rykkjer Ålesund brannvesen ut med minimum ein fullt utstyrt brannbil og 4 mann
- c. Ålesund og Sula brannvern har ståande avtale om at korpsa er reservestyrkar for kvarandre i store brannar. Dette gjeld heile Ålesund kommune og heile Sula kommune.

### 5. Sløkkevasskjelder mm.

Sula kommune har ansvar for sørge for at området har tilstrekkeleg med vassforsyning til sløkkeformål. Reglane for framføring av sløkkevatn skal vere dei same som for Ålesund kommune.

### 6. Kostnader

- a. Sula kommune betaler ei årleg godtgjersle på  
*kr 67 000*  
for ytingar etter denne avtalen. Betalinga tar utgangspunkt i år 2000 og skal regulerast i samsvar med den gjennomsnittlege kostnadsindeksen. Betalinga skjer samla pr 01.07. i driftsåret.
- b. Bruk av brannmannskapa til reservekorps utanfor eige sløkkedistrikt som omtala i pkt. 4, skal ikkje medføre ekstra kostnad for den skadelidne kommunen når innsatsen til saman ikkje overstig 4 timar. Deretter blir innsatsen kostnadsrekna etter KS sine satsar.

### 7. Generelt

- a. Avtalen kan seiast opp skriftleg av ein av partane med minimum 1 års varsel.
- b. Avtalen skal utgjere ein del av brannordningane i kvar av kommunane.

SULA KOMMUNE  
TEKN. AVD.  
POSTBOKS 280  
6039 LANGEVÅG

ORG.NR. 964 980 543

13.09.00

Dato

*[Signature]*

For Ålesund kommune

  
ÅLESUND KOMMUNE  
BRANNVESENET

Dato

*[Signature]*